

Kystverket Vest  
postboks 1502  
6025 ÅLESUNDDato: 11.06.2014  
Vår ref.: 2014/16062-2  
Saksbehandlar: ingdosk  
Dykkar ref.:

## Uttale til søknader om delfinansiering av Porsvika Fiskerikai og flytebrygge i Sund kommune og Salthella to fiskerikaier i Austevoll kommune

### Innleiing

Regjeringa har sett av 270 mill. kr årleg til fiskerihamner og tilskot til kommunale fiskerihamneanlegg. Prioritering av tiltaka vert basert på Kystverket sine forslag med bakgrunn i høyringsrunder der mellom andre fylkeskommunane, kommunane og Fiskeridirektoratet deltek.

Kystverket Vest ber Hordaland fylkeskommune i brev av 05.05.2014 om uttale til, og prioritering av, dei to søknadane innan 09.06.2014. Fylkeskommunen fekk i telefonsamtale 06.06.2014 lenging av frist for uttale til 13.06.2014. Det har ikkje vore høve til å utarbeide politisk sak. Uttalen er administrativ og basert på Regional Transportplan (RTP) Hordaland 2013-2024, Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023 og Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

### Bakgrunn

Dei omsøkte prosjekta er:

- Sund kommune, Porsvika Fiskerikai og flytebrygge. Totalkostnad 29 855 875,- Omsøkt tilskot 14 930 000,-
- Austevoll kommune, Salthella to fiskerikaier. Totalkostnad 30 277 750,- Omsøkt tilskot 15 149 000,-

### Statistiske opplysningar (2013), uttrekk frå søknadene:

	Salthella	Porsvika
Antall fiskere blad A	5	5
Antall fiskere blad B	237	66
Antall fiskefartøy som er heimehøyrande på staden		
Lengde < 11 meter	64	39
Lengde frå 11 t.o.m. 15 meter	3	3
Lengde frå 15 meter t.o.m. 21 meter	2	2
21 meter t.o.m. 28 meter	1	0
Lengde frå 28 meter	26	1
Mengde (tonn) ilandbrakt fisk frå stedet	39 106	320
Verdi (mill kr) av ilandbrakt fisk frå stedet	192,1	3,807
Antall fiskere på stedet som drar direkte nytte av tiltaket	120	Ca 50

Antall fremmede fiskere som drar direkte nytte av tiltaket	300	Ca 40
Antall s sseltsatte å land som drar n te av tiltaker	50	Ca 10
Antall hjemmehørende fartøyer som drar direkte nytte av tiltaket	25	Ca 40
Antall fremmede fartøyer som drar direkte nytte av tiltaket	30	Ca 20

Ein sentral føresetnad for utvikling av fiskerinæringa er konkurransedyktige hamner og landbaserte anlegg som kan tene fiskeflåten, ta imot og vidareforedle samt marknadsføre og transportere fisk og fiskeprodukt til marknadane innan- og utanlands. Utbetring av fiskerihamner er ei lekk i å forbetre maritim infrastruktur i Hordaland og soleis viktig for regional utvikling. Fylkeskommunen ynskjer å oppretthalde og vidareutvikle fiskerihamnene både for å sikre fiskerinæringa og oppretthalde lokalsamfunna. Hamnene i Porsvika og på Salthella har vært og er begge viktige for busetting og regional utvikling. Hordaland er Norges viktigaste marine fylke og infrastrukturbygging er soleis ei viktig lekk i den nasjonale marine verdiskapinga.

### Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Havbruks- og fiskerinæringa er særskilte viktige for Hordaland. Med ei sterk forskingsklynge på området og hovudkontora til fleire store selskap i sektoren ligg, peiker planen på at næringa er viktig for sysselsettinga i distrikta. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å vere med på å leggje gode rammevilkår for ei næring med godt potensiale for vekst og utvikling.

Dei tre hovudstrategiane i næringsplanen er; Meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter.

### Regional Transportplan (RTP) Hordaland 2013-2024

Planen framhevar anlegga i Austevoll kommune:

«Storebø, Austevoll Fiskerihamn (inkl. Salthella og Rabben) og Torangsvåg. Liggehamn for store havgåande fiskefartøy. I samband med Austevoll Fiskerihamn bør det vurderast om det er grunnlag for a forlenge overordna vegnett fram dit.»

Eit av delmåla er etablering av ny nasjonal fiskerihamn i Austevoll. Og vidare at fylkeskommunen gjennom NTP-prosessen skal arbeida aktivt for å få gjennomført planane om ny fiskerihamn i Austevoll. Fylkeskommunen skal saman med kommunen og fiskerinæringa starte arbeidet med lokalisering av ny moderne fiskerihamn på Bømlo.

I **Handlingsprogram 2013–2017, Vedlegg til Regional transportplan Hordaland 2013–2024** nemnast oppstart av arbeidet med etablering av ny fiskerihamn på Bømlo S.

**Fylkesdelplan for fiskerihamner i Hordaland** er utarbeida for perioden 1997 – 2000. Planen er ikkje lengre i bruk som avgjerdsstøtte.

### Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023

I dette dokumentet er fiskerihamn på Salthella som einaste anlegg i Hordaland markert i kartet «Kystverket - Fiskerihavner 2014 – 2023» som igangsatt fiskerihavntiltak.

## Diskusjon

### Salthella

Austevoll er blant dei største fiskerikommunane i Norge og har lange tradisjonar innan fiske og verksemder knytt til aktivitetar på havet. Kommunen er heimhamn for ein stor andel av landet si havfiskeflåte. Fiskerinæringa i Austevoll er også internasjonalt leiande innan vidareutvikling av pelagisk fiskeri. I tillegg er kommunen ein av Norges største oppdrettskommunar. Den omfattande fiskeri- og havbruksnæringa gir positive ringverknader med nyetableringar og utvikling i kommunen og har mellom anna vært ein forutsetning for aktiviteten som er etablert innan offshorenæringa. Rabben / Salthella framstår som eit dynamisk og livskraftig industrisamfunn som ligg strategisk godt plassert i høve til både fiskefelt og olje- og gassfelt i Nordsjøen. Denne positive utviklinga kan stagnere då

kommunen ikkje lengre kan tilby kaiplass og areal til vidareutvikling/nyetablering av verksemder (kjelde: Rabben – Salthella, Austevoll kommune, ny fiskerihamn, skisseprosjekt).

### Porsvika

Porsvika er eit knutepunkt både for prosess- og mottaksverksemd for oppdretts- og fiskerinæringane. Sotra Fiskeindustri AS er i ei positiv utvikling og har fått auka arealbehov for å kunna byggja ut si verksemd. Det er difor viktig for flåten å kunne gå til hamn i nærområdet, ikkje minst med tanke på vedlikehald og utvikling av eit felles fiskerimiljø. Lokalsamfunnet rundt Glesvær (ved Porsvika) er sårbart og fiskeindustrien er ei hjørnesteinsbedrift som sikrar busetting og aktivitet i andre bransjar.

Sund kommune forventar at den planlagde utbygginga av hamna i Porsvika, skal auke attraktiviteten som liggehamn og utstyrsbase for fleire lokale kystfiskefartøy med servicefunksjonar og lagerkapasitet på land. Kommunen ser at det lokalt har vore positiv rekruttering til kystfiskeflåten—og at ynskje om å få tilgang til eit moderne hamneanlegg aukar. Utvikling av tilbod for styrking av relevant kompetanse er særleg i tråd med næringsplan for Hordaland. Porsvika ligg sentralt til i høve til ein stor marknad for fisk og fiskeprodukt. I dag må fiskemottaket kjøpa fisk som vert levert andre stader i landet—og frakta til Porsvika for produksjon. Med ei utbygging av fiskerihamna, er det grunn til å rekna med at leveransane av fisk vil koma til å auka att.

### Konklusjon

Tilskot til begge desse hamneprosjekta vil trygge liggeplasser for fiskebåtane, mottaksanlegg og vidare transport av fisk og fiskeprodukta. Tiltak i begge fiskerihamnene er avgjerande for om fiskeflåten kan nytte hamna, og dermed om fiskeriaktiviteten og lokalsamfunnet kan oppretthaldast.

Begge forslaga vil gjere hamnene vesentleg meir framtidssretta med tanke på å kunne støtte stadig større fartøy og ei fiskeindustri i utvikling.

Fylkeskommunen vurderer tiltaka på Salthella til å vere viktige lekk i den **nasjonale** verdiskapinga innan fiskerinæringa.

Fylkeskommunen vurderer vidareutvikling av fiskerihamna i Porsvika til å vere av stor verknad for **regional- og lokalsamfunnsutviklinga** og utvikling av øvrig næring, busetting og infrastruktur på staden.

Fylkeskommunen vil tilrå at begge prosjekta vert innvilga støtte. Subsidiært at prosjektet på Salthella som prioritert i RTP og NTP vert fullfinansiert, og at det vert innvilga oppstarttilskot og føringar om vidare støtte til utvikling av prosjektet i Porsvika.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*